

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 24.01.2008
Sakshandsamar: Gunnhild Ormbostad Haslerud
Saka gjeld: **Budsjett 2008 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

Styresak 009/08 B

Styremøte 06.02. 2008

Bakgrunn

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 94/07 Inntektsfordeling 2008, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen på kr 81,1 mill inkl. ei ramme for det nye lønn og rekneskaps-senteret på kr 3 mill. Dersom ein held det nye lønn og rekneskaps-senteret utanfor, tilsvarte det ein vekst på 4,3 %. Det stemmer overeins med den lønn og prisvekst som er lagt til grunn i statsbudsjettet for 2008. Kostnadsramma i budsjettet som her blir lagt fram er på kr 81,1 mill inkl. lønn- og rekneskaps-senteret (LRS). Den totale kostnadsramma er lik, men fordelinga mellom Administrasjonen og Lønn og rekneskaps-senteret er endra. RHFet sin kostnad for lønn og rekneskapet blir lågare enn kr 3 mill. Den totale ramma er uforandra fordi administrasjonen har ein tilsvarande auke i budsjettet. Differansen frå det som var foreslått i styresak 94/07 Inntektsramme 2008, kjem av det er lagt inn to ekstra årsverk. Det gir ein vekst i kostnadene i administrasjonen på 6 % målt mot budsjettet i 2007.

Administrasjonen legg med dette fram ein nærare spesifikasjon av kostnadsramma på hovudpostnivå og forklarar samtidig dei vesentlege endringane frå 2007 til 2008 budsjettet.

Kommentarar

Administrasjonen legg fram følgjande budsjettforslag:

Budsjett for Administrasjonen 2008	Budsjett 2007	Budsjett 2008 inkl LRS	Budsjett 2008 for LRS	Vekst ekskl LRS
3 - Salgs- og driftsinntekter	0	-4 441	-4 441	0 %
50a - Lønn tilsette	20 339	24 506	3 394	4 %
50b - Lønn nye årsverk	0	897	0	-
51a - Lønn tilsette	2 441	2 941	407	4 %
51b - Lønn nye årsverk	0	108	0	-
52 - Fordel i arbeidsforhold	5	5	0	0 %
53 - Annen oppgavepliktig godtgjøring	1 178	1 430	0	21 %
54 - Arbeidsgivaravgift og pensjonskostnad	6 698	8 187	1 059	6 %
55 - Annen kostnads godtgjøring	500	500	0	0 %
56 - Kompetanse og rekruttering	1 190	1 348	200	-4 %
58 - Offentlige refusjonar vedrørende arbeidskraft	0	-350	0	0 %
59 - Annen personalkostnad	595	694	20	13 %
5 - Lønnskostnad	32 945	40 266	5 080	7 %
60 - Av- og nedskrivning	700	802	0	15 %
63 - Kostnader lokalar inkl. energi og brensel	4 290	4 746	320	3 %
64 - Leie mtu, maskiner, inventar o.l.	120	123	0	3 %
65 - Utstyr og driftsmaterialer	710	600	0	-15 %
66 - Reparasjon, vedlikehald og service	100	130	0	30 %
67 - Eksterne tenester	26 280	28 201	275	6 %
68 - Kontorkostnad, trykksak o.l.	2 009	2 288	0	14 %
69 - Telefon, porto o.l.	1 700	1 868	110	3 %
6 - Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	35 909	38 758	705	6 %
71 - Kostnad og godtgj. for reise, diett, bil o.l.	4 173	4 680	100	10 %
73 - Salgs- og reklamekostnad	1 660	1 591	0	-4 %
74 - Kontingent og gåver	60	62	0	3 %
75 - Forsikringspremie	30	30	0	0 %
77 - Annen kostnad	150	210	56	3 %
7 - Annen driftskostnad	6 073	6 572	156	6 %
Sum driftskostnader	74 927	85 597	5 941	6 %
Resultat	74 927	81 156	1 500	6 %

Budsjettet for 2008 ekskl. budsjettet for lønn- og rekneskapscenteret viser ein vekst på 6 %. Auke ut over 4,3 % kjem av dei to ekstra årsverka.

Lønn og personalkostnader

Tabellen nedanfor viser tal på årsverk i Helse Vest RHF.

Avdeling	Årsverk
Informasjonsavdelinga	4 årsverk
Fagavdelinga	11,2 årsverk (1,2 ledig)
Sekretariat	4 årsverk (1 ledig)
Økonomi- og finansavdelinga	9,8 årsverk (4 ledig)
Personalavdelinga	2 årsverk
Eigaravdelinga	6 årsverk
Administrerende direktør	1 årsverk
Internrevisor	1 årsverk
Sum Helse Vest RHF	39,0 årsverk
Lønn og regnskapsenteret	8 årsverk (2 ledig)

Tabellen er inkludert dei to nye årsverka.

Dei nye årsverka er ein controllerstilling i økonomiavdelinga samt ein rådgivarstilling i fagavdelinga. Som ein del av økonomistyringa i det regionale føretaket er det lagt opp til ei tett oppfølging av våre dotterføretak. Administrerende direktør meiner at dette har gitt gode resultat og at vi bør halde fram med ytterlegare oppfølginga og utvikle metodane vidare. I den forbindelse treng ein meir ressursar i økonomiavdelinga. Bakgrunnen for å tilrå nye stillingar i økonomi- og finansavdelinga og i fagavdelinga, er at personalsituasjonen er relativt marginal i forhold til oppgåvene. Det gjer at ein er særleg sårbar i forhold til den situasjonen dei har vore i og dels er i, med langvarig sjukefråvær samt redusert arbeidstid hos fleire medarbeidarar. Stillingen vil styrke kapasiteten innan saksbehandling på utsette områder og redusere avdelinga sin sårbarhet i forhold til fråvær og redusert arbeidstid hos medarbeidarar.

Forutan lønnsvekst og dei to nye stillingane, er det ein auke i honoraret til styret. Det er gjort med bakgrunn i utviklinga i kostnadene i 2007.

Auke i anna personalkostnad kjem i hovudsak av at det i 2007 vart budsjettert for lågt i forhold til felleskostnader i samband med kantinedrifta.

Eksterne tenester

Kostnader til prosjekter er på same nivå som i fjor, justert med ein lønns og prisvekst på 4,3 %. I tabellen nedanfor følgjer dei planlagde prosjekta:

Økonomiavdeling	
Kontiki, kontraktsadministrasjon	250
Controllermetodikk – utvikling og implementering	500
Eigaravdeling	
Eigedomsprosjekt	1 200
Kvalitetssikring av utbyggingsprosjekter	250
Internkontroll	600
Heilskapleg styringsinformasjon	4 500
Fagavdeling	
Spesialisthelsetenester til eldre	500
Regional plan for psykisk helsevern	500
Naudnett – planlegging Helseregion Vest	500
Rekruttering – psykisk helsevern	300
Legefordelingsprosjekt – rest 2008	300
Kommunikasjonavdeling	
Målretta omdømmeundersøking	1 250
Reserve	10 700
SUM	21 350

Erfaringsvis dukkar det opp ad hoc prosjekter som må handterast fortløpande ut over i året. Det er derfor lagt inn ein reserve som skal dekke for denne uvissa. Denne posten er også meint å dekke eventuelle endringar av dei estimat som er laga for dei andre prosjekta.

Kontortenestar er også ein del av eksterne tenester. Denne har auka betrakteleg målt mot budsjettet i fjor. Årsaka er permisjonar og må sjåast opp mot refusjon av lønnskostnader.

Dei resterande postane, revisjonshonorar samt driftsavtalen med HV IKT, er prisjustert.

Andre driftskostnader

Driftskostnadene er i hovudsak prisjustert med 2,7 %, men i nokre tilfeller har det vore behov for ein ytterlegare auke.

I 2007 var det ein auke i anskaffingar i samband med dei nye lokala. I 2008 må ein derfor venta noko høgare avskrivningar samt kostnader til vedlikehald.

Kontorrekvisita har vist ein betrakteleg auke og det er behov for å auke budsjettet. Denne posten inkluderar også forbruk frå det nye lønn- og rekneskapsenteret samt dei konserntillittsvalde. Det er ikkje lagd eit eget budsjett for LRS under denne kostnadsposten, da det vil vere vanskeleg å praktisere separat rekneskapsføring.

Reisekostnadene er auka ut over prisveksten. I 2007 var det ei auke i reisekostnadene til styre, og auka i budsjettet ligg i all hovudsak her.

Lønn og rekneskapsenteret

I sak 94/07 Inntektsfordeling 2008 vart det budsjettert med kostnader på kr 3 mill til Lønn og rekneskapsenteret. Det er i etterkant bestemt at deler av kostnader ved forvaltning av systema skal fordelast ut på helseføretaka. Derfor er RHF'et sin kostnad redusert til kr 1,5 mill.

Forslag til vedtak

1. Styret vedtar budsjett 2008 for administrasjonen til Helse Vest RHF